

Rosendal Samfunnshus

Omdanning fra SA til AS

Grunnlag for endring av organisasjonsform

Rosendal Samfunnshus endra organisasjonsform fra BA til SA ved årsmøtevedtak 20.03.2018.

BA var ikkje lenger en gyldig organisasjonsform og SA (Samvirkelag) var den organisasjonsformen som kravde minst formelle endringar. Samvirkelag var berettiga gaveforsterking frå staten.

Gaveforsterkingsordninga vart avskaffa i 2021 og er erstatta av momskompensasjon. Samvirkelag kan ikkje motta momskompensasjon. For å kunne motta momskompensasjon legg styret fram forslag om at Rosendal Samfunnshus SA vert endra til aksjeselskap ved selskapsrettslig kontinuitet.

I eit aksjeselskap vil fleire eigarar ha ulike eigarandelar -aksjar- i selskapet. Dette samsvarer med modellen som vart vald i 1961 og som vart ført vidare når samfunnshuset vi har i dag vart bygd.

For å kunne registrerast i Frivilligregisteret er kravet i Brønnøysundregisterne: <https://www.brreg.no/lag-og-foreninger/registrere-lag-eller-forening/registrering-i-erfrivillighetsregisteret/>

«Hvem kan registrere seg i Frivillighetsregisteret? For å kunne bli registrert i Frivillighetsregisteret, må organisasjonen drive frivillig virksomhet. Det er bare foreninger, stiftelser og aksjeselskap som kan registreres. Virksomheten kan ikkje dele ut midler til fysiske personer. Virksomheten må ha et styre.

Det er et krav at virksomheten er registrert i Enhetsregisteret.

Registreringene kan gjøres samtidig.

Som frivillig virksomhet regnes aktiviteter som ikkje er fortjenestebasert

Frivillig virksomhet drives av

- ikkje-økonomiske (ideelle) foreninger*
- alminnelige stiftelser som ikkje deler ut midler, eller som utelukkende foretar utdelinger til frivillig virksomhet*
- næringsdrivende stiftelser som utelukkende foretar utdelinger til frivillig virksomhet*
- aksjeselskaper som utelukkende foretar utdelinger til frivillig virksomhet*

Aktiviteter som ikkje regnes som frivillig virksomhet er blant annet

- *aktiviteter organisert av det offentlige*
- *aktiviteter basert på samvirkeprinsipper, og som omfattes av samvirkeloven»*

Ordninga vi har i dag med SA er derfor ikkje aktuell. Dei formelle krava til organisering i stiftelse er omfattande og det er dermed eit AS som er det beste alternativet for oss.

Rosendal Samfunnshus starta som eit Lutlag i 1961 og har endra driftsform fleire gonger. Krav som i «**Forskrift om merverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjoner**. FOR-2018-10-23-1600, sist endret 23.03.2021» er at et aksjeselskap som skal registreres i frivilligregisteret og som skal kvalifisere til momskompensasjon skal være eigd av lag og foreninger som kvalifiserer til momskompensasjon **jfr §3 i forskriften:**

§ 3. Organisasjoner og virksomhet som kan få merverdiavgiftskompensasjon

Frivillige organisasjoner kan få merverdiavgiftskompensasjon dersom de er registrert i Frivillighetsregisteret, jf. lov 29. juni 2007 nr. 88 om register for frivillig virksomhet § 3 og § 4 avgrenset til

- a. demokratiske ikkje-økonomiske foreninger*
- b. tros- og livssynsorganisasjoner*
- c. stiftelser.*

Aksjeselskap som eies fullt ut av en eller flere organisasjoner som alle er kompensasjonsberettiget, kan inngå som en del av søknadsgrunnlaget for et sentralledds eller enkeltstående søkers søknad om merverdiavgiftskompensasjon.

Organisasjonene må oppfylle vilkår gitt i eller i medhold av denne forskrift. Det gis likevel ikkje kompensasjon for merverdiavgiftskostnader til følgende organisasjoner og virksomhet:

- a. yrkes-, nærings- og arbeidslivsorganisasjoner, fagforeninger, studieforbund, borettslag og partipolitiske organisasjoner*
- b. organisasjoner som er under konkursbehandling*
- c. organisasjoner som er lukket, det vil si organisasjoner som ikkje er åpne for allmennheten hvor dette ellers hadde vært naturlig*
- d. virksomhet som kommer en lukket krets til gode, gir privatøkonomiske fordeler eller dekker det som normalt anses for å være kostnader av privat karakter*
- e. virksomhet som er organisert av eller med tilknytning til det offentlige ved at stat, fylkeskommune eller kommune gjennom å oppnevne styremedlemmer eller på annen måte kan påvirke eller legge føringer for virksomheten*
- f. virksomhet som kommer næringsinteresser eller offentlige oppgaver til gode*



g. Den norske kirke, de kirkelige fellesrådene og menighetsrådene

h. økonomisk virksomhet og hvor kompensasjon til denne virksomheten er i strid med EØS-avtalens regler om offentlig støtte.

Endret ved forskrift 23 mars 2021 nr. 960.

Plan for å endre Rosendal Samfunnshus SA til

aksjeselskap Rosendal Samfunnshus AS.

Omdanning må gjerast etter samvirkelova sitt kapittel 11, med selskapsrettsleg kontinuitet. Dette for å oppnå mogleg fritak for dokumentavgift og tingslysingsgebyr.

Omdanningan må gjennomførast ved at samvirkeforetaket overdrar alle egedelar og pliktar til eit aksjeselskap som stiftas ved omdanninga og ved at alle medlemmene i samvirkeforetaket blir aksjeeigarar i det nystifta aksjeselskapet.

Krav for å kunne få momskompensasjon.

Krava til nye vedtekter for aksjeselskapet slik at det stettar krava til momskompensasjon kan sammenfattes slik:

1. Samtlige aksjar må eigast av lag og organisasjonar som alle sjølv er berettiga til momskompensasjon.
2. Det vart ikkje betalt utbytte til aksjonærene.
3. Omsetjing av aksjar er avgrensast i samsvar med vedtekter og punkt 1 ovanfor.

Aksjekapital og fordeling av aksjar mm.

Aksjekapital: Minstekravet til aksjekapital er kr. 30.000,-. Styret føreslår soleis å setja aksjekapitalen til kr 30.000,- fordelt på 30 aksjar a kr 1000,-

Fordeling av aksjar: Mange ulike organisasjoner har vore involvert i bygging og drift av Rosendal Samfunnshus. Rosendal Turnlag var en viktig pådrivar for byggeprosjektet i 1961. Rosendal Musikklag og Rosendal Skulekorps har brukt



samfunnshuset som øvingsstad og har lagt ned mange timar dugnad i vedlikehald. Kvinnherad Kommune har vore involvert på eigarsida med politisk valde representantar med luter eigd av kommunen. I vedtektene fra 1961 stod det:

§ 4. Lutene.
Luter i laget kan teiknast av organisasjonar, lag og einskildpersonar i form av kontantinnskot, naturalia eller dugnadsarbeid.

Det er eit omfattande arbeid og truleg ikkje mogleg å få oversyn over alle dei som har kjøpt luter eller teikna luter ved dugnadsarbeid. Der er ikkje noko tilgjengeleg oversyn over luter overført mellom ulike lag, ved nedlegging eller ved oppretting av nye lag. Det er ikkje oversyn over luter til privatpersonar eller fordeling mellom A-luter og B-luter i arkivet. Det er ikkje mogleg å få oversikt over kva som var grunnlaget for at Kvinnherad Kommune hadde luter på starten av 90-tallet og kvifor dei gav lutene frå seg.

Styret foreslår difor at vi ved omdanninga tek utgangspunkt i dei som eig andelar i dag, deira representasjon til årsmøtet, deira aktivitet på huset, dugnadsinnsats og bidrag i styret og drift av huset dei siste åra. Samfunnshuset ynskjer et breidt engasjement frå sine eigarar. Vi ynskjer at alle aktive brukarar av samfunnshuset skal høyrast på årsmøtet.

Styret set fram forslag til fordeling av aksjar slik:

- Rosendal Turnlag 10 aksjar = 10 representantar til årsmøtet
- Rosendal Musikklag 8 aksjar = 8 representantar til årsmøtet
- Rosendal Skulekorps 5 aksjar = 5 representantar til årsmøtet
- Rosendal Songlag 2 aksjar = 2 representantar til årsmøtet
- Rosendal Helselag 2 aksjar = 2 representantar til årsmøtet
- Kvinnherad Senioruniversitet 2 aksjar = 2 representantar til årsmøtet
- Rosendal og oml. Båtlag 1 aksje = 1 representant til årsmøtet

Alle transaksjonar som vert gjort etter registrering av aksjeselskapet skal regnskapsmessig sjåast på som å vere gjort av aksjeselskapet.

Som medlemmer av styret i aksjeselskapet vert det foreslått:

- | | | |
|---|-----------------------|-------------|
| 1 | Trygve B. Torjusen, | styreleiar |
| 2 | Martha Skeie Olsen, | styremedlem |
| 3 | Tor Øystein Havnerås, | styremedlem |
| 4 | Nina Klette Leganger, | styremedlem |
| 5 | Rolf Lothe, | styremedlem |
| 6 | Gunn Marit Flatland, | varamedlem |
| 7 | Kristin Lamberg, | varamedlem |
| 8 | Synnøve Brattetveit, | varamedlem |



og som revisorer:

- 1 Gunnar Våge
- 2 Per T Skåle

Framlegg til nye vedtekter for aksjeselskapet vert:



Vedtekter for Rosendal Samfunnshus AS

Vedtatt på stiftingsmøte 30.03.2023

1. Navn

Namnet til selskapet er Rosendal Samfunnshus AS.

2. Føremål

Føremålet med aksjeselskapet er å drive Rosendal Samfunnshus AS på ein slik måte at det er ope for alle kulturelle og lovlege føremål.

Rosendal Samfunnshus AS har ikkje næringsdrift som føremål.

Drifta av Rosendal Samfunnshus er tufta på friviljug arbeid. Eit positivt årsresultat kan ikkje delast ut som utbytte til aksjonærane eller andre føretak eller privatpersonar.

Ingen skal verta hindra i å leiga Rosendal Samfunnshus på grunn av religiøst eller politisk syn eller andre grunnar som vil vera i strid med dei krav til toleranse som samfunnet set.

3. Organisasjon og forretningskontor

Rosendal Samfunnshus AS er eit aksjeselskap med utelukkande ideelle lag og organisasjonar som aksjonærer.

Rosendal Samfunnshus har sin forretningsadresse i Kvinnherad Kommune. Rosendal Samfunnshus bruker nettstaden www.rosendalsamfunnshus.no og e-postadressa post@rosendalsamfunnshus.no

4. Bruk av huset

Rosendal Samfunnshus vert disponert slik aksjeselskapet sine vedtektsfesta organ finn teneleg ut frå økonomi og dei føremål huset har.



Retten til å leige Rosendal Samfunnshus skal vera lik for alle, men aksjeeigarane skal likevel ha ein viss førerrett.

5. Aksjer

Aksjekapitalen i selskapet er kroner 30.000 -kronertrettitusen-, fordelt på 30 aksjer kvar pålydande kr 1.000.

Berre friviljuge organisasjonar som har rett til meirverdiavgiftsrefusjon for friviljuge organisasjonar og er registrert i frivilligregisteret kan vera eigar av aksjar i selskapet.

Overdraging av aksjar skal godkjennast av styret og kan kun gjennomførast til aksjen sin pålydande verdi.

Om ein aksjeeigar vil avhende sine aksjar og ingen vil overta aksjane kan desse disponerast av styret til ny berettiga organisasjon vil ta over aksjane. Styret kan vedta at selskapet skal ta over aksjane til pålydande verdi inntil aksjane kan takast over av ny berettiga organisasjon.

6. Generalforsamling

Generalforsamling i Rosendal Samfunnshus AS skal haldast innan 31. mars kvart år.

Varsling til aksjeeigarane om dato for generalforsamling og meldefrist for sakane dei ønskjer å ta opp, skal gjerast skriftlig på e-post til aksjeeigarane 3 veker før generalforsamlingdato og leggjast ut på heimesida til Rosendal Samfunnshus innan same fristen.

Sakliste vedlagt dokument til generalforsamling skal vera aksjeeigarane i hende seinast 14 dagar før generalforsamling og verta lagt ut på heimesida til Rosendal Samfunnshus innan same fristen.

Dagsorden til generalforsamling inneheld følgjande punkt:

1. Konstituering:
 - a. Registrering
 - b. Val av møteleiar
 - c. Val av referent til møteboka
 - d. Val av 2 personar til å skrive under møteboka
 - e. Val av 2 personer til teljekorps



2. Årsmelding 01.01.xx – 31.12.xx
3. Rekneskap 01.01.xx – 31.12.xx med revisjonsmelding
4. Budsjett for inneverande år
5. Saker frå styret
6. Innkomne saker
7. Val av:
 - a. Styreleiar for 1 år
 - b. 2 styremedlem for 2 år
 - c. 3 varamedlem for 1 år
8. Val for 1 år av 2 revisorar med 1 vara.
9. Val av valnemd

7. Styret

Styret er sett saman av 5 medlemmer og 3 varamedlemmer.

Leiar i styret vert vald for 1 år og vert vald for seg på generalforsamlinga. Dei øvrige 4 styremedlemma vert vald for 2 år slik at det kvart år et 2 styremedlem på val. Ved konstituering av det nye styret etter valet i generalforsamlinga, skal det veljast ein nestleiar. Styret deler mellom seg dei ansvars- og arbeidsoppgåvene ein finn naudsynt for drifta.

Styret kan gjere vedtak når minst 3 av dei valde medlemmene/varamedlemmene er til stades og leiar eller nestleiar er ein av desse. Ved likt røystetal tellar leiar sin stemme dobbelt.

Prokura for Rosendal Samfunnshus har styreleiar åleine, eller nestleiar saman med eit styremedlem.

Det skal førast møtebok med referat fra styret sine vedtak. Styret kan opprette nemder og utval for ulike føremål.

8. Styret sine oppgåver

Styret set i verk generalforsamlina sine vedtak og tek dei avgjerder som er naudsynte for administrasjon og løpande drift av Rosendal Samfunnshus.



Styret kan ikkje selja, pantsetja, kausjonera eller på annan måte binde Rosendal Samfunnshus AS sine faste eigedomar eller eigenluter.

Styret kan ikkje nytta Rosendal Samfunnshus AS sine midlar til andre føremål enn det som tener huset.

9. Dagleg Leiar og tilsetjing av lønna arbeidskraft

Rosendal Samfunnshus SA har ikkje dagleg leiar eller anna tilsett arbeidskraft.

Tilsetting av lønna arbeidskraft vert gjort etter at generalforsamlinga har gjort vedtak om oppretting av stilling, fastsett ansvarsområde og godkjend instruks for stillinga. Om Rosendal Samfunnshus AS skal ha dagleg leiar, må vedtektene endrast i høve til dette.

Når det ikkje er tilsett dagleg leiar har styret ved stryreleiar ansvar for dagleg drift.

10. Ekstraordinær generalforsamling

Ekstraordinært generalforsamling vert halde :

- Når styret kaller inn eller
- Når selskapets revisor eller aksjeeigarane som representerer minst 1/10 av aksjeane krev det.

På ekstraordinært generalforsamling kan berre dei sakene som står oppført på saklista handsamast.

11. Rekneskap og revisjon

Styret har ansvar for at det vert ført rekneskap. Rekneskapen skal følgje kalenderåret og avsluttast pr. 31.12.

Aksjeselskapet har vald å ikkje ha revisor etter Lov om aksjeselskap.

Rekneskapen vert revidert av intern revisor vald på generalforsamlinga. Det vert utarbeida revisjonsmelding til generalforsamlinga.



12. Disponering av overskot

Årsoverskotet skal nyttast til investeringar eller vidare drift av huset og kan ikkje overførast til aksjeeigarane.

13. Endring av vedtektene

Endring av vedtektene kan berre gjerast i ordinært årsmøte.

Endring av vedtektene krev 2/3 fleirtal så vel av dei gitte røystene som 2/3 av den aksjekapital som er representert på generalforsamlinga. Blanke røyster vert tald som ikkje gitt.

Framlegg om endring av vedtekter kan gjerast av styret og av aksjeeigarane.

Framlegg frå aksjeeigarane må vere styret i hende 14 dagar før varsla G generalforsamlinga.

14. Oppløysing

Vedtak om oppløysing av Rosendal Samfunnshus AS eller overdraging av heile eiga kan berre gjerast i generalforsamling der 2/3 av aksjane er representert og at minst 2/3 av dei møtande røyster for oppløysinga eller overdraginga.

Er ikkje 2/3 av aksjane representert på møtet ved 1.-gongs innkalling, kan det kallast inn til nytt møte. Oppløysing av Rosendal Samfunnshus AS eller overdraging av heile eiga kan då vedtakast med minst 2/3 av dei møtande røystene i møte.

Innkalling til Generalforsamling for oppløysing av Rosendal Samfunnshus AS eller overdraging av heile eiga skal gjerast med varsel minst 1 måned på førehand.

Ved ei oppløysing av Rosendal Samfunnshus skal eventuelle verdier i buet fordelast mellom aksjeeigarane ut frå den del av aksjeane dei held.

Vedtekter revidert 08.03.2023



Rosendal 12.03.2023

Trygve B. Torjusen
Styreleiar

Tor Øystein Havnerås
Nestleiar

Martha Skeie Olsen
Økonomiansvarleg

Rolf Lothe
Styremedlem

Nina Klette Leganger
Styremedlem

Forslag til vedtak:

Årsmøtet i Rosendal Samfunnshus SA godkjenner forslag til omdanningsplan som ligg føre.

Styreleiar Trygve Torjusen vert gitt fullmakt til å gjennomføre stifting og registrering av aksjeselskap som forklart i «Rosendal Samfunnshus Omdanning fra SA til AS»